



Jan Stien
Dalemarka 96
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/4136 - 23/46449

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
27.07.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 321/51 Dale nedre

Tiltak: forstøttningsmur
Byggjestad: Gbnr: 321/51
Tiltakshavar: Jan Stien
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 22.05.2023.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det går ikkje klart fram av søknaden kva det vert søkt dispensasjon frå. Ber om at søknaden vert supplert med naudsynte opplysningar.
2. Tiltaket må teiknast inn i eit målsett situasjonskart.
3. Tiltaket må illustrerast med terrengprofilar som syner opphoveleg og planert terreng (høgder og avstandar).

For ordens skuld gjer vi merksam på at ved søknad om dispensasjon er sakshandsamingsfristen 12 veker. Søknaden som ligg føre oppfyller soleis ikkje vilkåra for 3 vekers sakshandsamingsfrist.

Kommunen ber om at tilleggsmateriale vert sendt inn samla innan 04.09.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennlig helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jan Stien

Dalemarka 96

5918 FREKHAUG